

Kystkultur mellom to permar

Alt du nokosinne har ønska å vita om oselvaren, men var redd for å spørja om, har Kjell Magnus Økland samla på kring 530 sider.

OVÅGEN: Praktboka «Oselvar» kom frå trykkeriet for få veker sidan og veg ikkje mindre enn 2,7 kilo. Det er på alle måtar eit bokverk med tyngde forfattaren endeleg har fått i hamn.

– Eg hadde med meg eit bra lass på flyet til Oslo og lanseringa der førre dagen. Eg prøvde så godt eg kunne å få fram eit upåverka heil til flyvertinna, for ikkje å avsløra at eg heldt på å bera meg skakk, seier forfattaren og smiler.


Bruksbåt for havstrilen

Kjell Magnus Økland har med seg eit bra lass med bøker også til Kystmuseet ein regntung desemberkveld. Etterkvart som det nærmar seg starttidspunkt for føredraget om oselvaren, sig det på med folk. Flest karar, som vil høyra om båten forfedrane brukte og som dei sjølve kanskje har vakse opp med. Slik Kystmuseet gjennom utstillingar og fartyvern skildrar oselvaren som bruksbåt for havstrilen heilt opp til motoriseringa av fiskeflåten, dokumenterer Økland den samla og svært lange historia til tradisjonsbåten.

– Båtbyggjartradisjonen var i ferd med å døy ut kring 1980. Institusjonar som Kystmuseet her og Oselvarverkstaden på Os er baa del av redningsaksjonen, meiner Økland.

I første delen av boka tek han føre seg utviklinga av båttypen, som har gått over fleire tusen år. Det syner arkeologiske funn, til dømes av den såkalla Halsnøybåten. Då Gokstad-skipet vart grave fram, fann dei ein færing saman med langskipet.

– Færingen frå gravfunnet har



Kjell Magnus Økland har skrive bok om oselvaren og var med å skriva søknaden som fekk båten inn på Unesco si verdsarvliste. Han har tru på at den fornya interessa kring tradisjonsbåten kan gje oselvaren eit oppsving.

Foto: Karstein Sæverås

fakta:

Oselvaren:

- Oselvar er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland.
- Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år.
- Oselvaren har tradisjonelt vore nytta som bruksbåt og til kapproing og kappsegling sidan 1800-talet.

Kjelder: «Oselvar», Kjell Magnus Økland

mange fellestrekk med oselvaren og syner at der har vore ei gradvis utvikling, seier Økland.

Merkevarenamn

Namnet oselvar veks fram frå kring 1750, då det var to båtbyggjarar som hadde nausta sine

ved utløpet av Oselva, ved det me i dag kjenner som Osøyro. Båtbyggjarar fann ein kring heile Bjørnefjorden, men det var altså desse to karane ved elvemunningen som skaffa båten eit merkevarenamn. På Sotra og i Øygarden var det svært få båtbyggjarar, noko som truleg heng saman med mangelen på trevirke.

– Båtane her ute i havgaped vart i all hovudsak kjøpt frå fjordområda innanfor. Ofte vart dei tinga på mål, her ute var det store og havsterke båtar til fiske folk hadde bruk for, seier dagleg leiar Bjørg Christophersen ved Kystmuseet.

Ho meiner det passar som hand i hanske for museet å få eit føredrag frå forfattaren av «Oselvar». Forfattaren sjølv er samd.

– Sotra og Øygarden var ein

viktig marknad for båtbyggjarane. Dei møtte gjerne kunden i Bergen og tok mål. Viss det var ein stor mann som skulle ha båt til havfiske på Hellesøy, vart det ein heilt annan båt enn til ein liten kar som dreiv frakt på Litlesotra, seier Økland.

Utanrikshandel

Også lengre vest enn Skogsøy var det stor interesse for båtane frå Bjørnefjorden. Frå Skottland kom der oppkjøparar, framfor alt frå Orknøyane og Shetland.

– Landlord på Shetland, Thomas Gifford, var ein av dei store oppkjøparane. Han sende folk til Bergen og Bjørnafjorden for å kjøpa med seg båtar over Nordsjøen. Etterkvart vart Godøysund på Tysnes oppsamlingssjå for desse skottebåtane, og handelen gjekk føre

seg i hundre år til det var slutt kring 1860.

Så tidleg var det nok ikkje slutt for oselvaren som arbeidsbåt her heime. I tillegg til fiske vart båten brukt til å frakta ved, varer og folk. Alt me i dag brukar bil til, vart oselvaren brukt til. Og slik nokre i dag driv bilspport, har oselvaren vore og vert framleis brukt til kapproing og kappsegling.

– NM i oselvar vert arrangert kvart år, og kappsigling har ein drive med sidan 1870. Eg kappsiglar sjølv og er framfor alt ute etter å formidla gleda ved å bruka båten. Håpet er at folk vil finna fram att oselvaren frå naustet, pussa båten og setja han på sjøen, seier Kjell Magnus Økland.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

90769391

Skildrer en barndom med mye frykt for Gud

Helge Hammersland vokste opp i et strengt kristent miljø på Sotra. Nå har han skrevet roman om temaet.

SOTRA: «I mørket er alle guder grå» heter boken utflyttet sundsokning Helge Hammersland (63) nylig har gitt ut på Kolofon forlag.

I boken følger vi hovedpersonen Svein gjennom en svært streng kristen barndom. I Sveins familie er det svært mange regler i hverdagen, og mye fokus på synd. Religionen gjennom-syrer alle samtaler og gjøremål, og frykten for å gjøre imot Guds vilje preger gutten i boken. Samtidig stiller han stadig flere spørsmål og kommer i konflikt

med den strenge troen han er oppdratt til.

Helge Hammersland bor på Stord, men vokste opp i Sund. Familien hans var del av det haugianske miljøet, der det i følge forlaget var stort fokus på strenghet og fromhet.

JORUN K. ØGAARD
jorun@vestnytt.no

41602933



Hovedpersonen i «I mørket er alle guder grå» tar etterhvert et oppgjør med bakgrunnen sin.

Foto: Jorun K. Øgaard